

Referat møte Cittaslowrådet 7.2.2023 kl 19.00 – 20.45

Kantina på Sentrumsbygget

Desse møte:

Frå Ulvik herad: Mona H Hellesnes

Frå kultur: Haugesenteret - Geir Netland (rådsleiar)

Frå frivillige lag og organisasjonar:

Ulvik idrettsråd – Hulda R. Thorbjørnsen, Ulvik bygdekvinnelag – Unni Solem

Frå Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde

Frå Ulvik barnehage – Sonja Haugland

Frå Ulvik næringslag – Anders Kristoffer Oppheim

Frå Slowfood Hardanger – Julie Gyllander

Frå Ulvik Undgdområd – Johanna Hjeltne og Simen Bakkan Ådland

Frå Ulvik heradsstyre – Jorid Løvtangen Skeie og Harald G. Johnsen

Forfall:

Landbruk – Ulvik og Eidfjord bondelag, Brakanes skule – Anne Hjelmevoll

Saksliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga og saklista vart godkjent.

2. Referat frå førre møte, 8.november 2022

Referatet vart godkjent.

3. Val av medlemmar til rådet

Leiar og sekretær gjekk igjennom vedtekter med representasjon i rådet. Det vart peika på at samansetnaden vart endra gjennom endringar i leing i lag, organisasjonar og ved politisk skifte kvart fjerde år. Dette gjev ei god blanding av kontinuitet og fornying over tid. Rådet skal konstituere seg sjølv, med leiar og nestleiar. Nærings sjef er sekretær for rådet.

Vedtak:

Rådet vidarefører eksisterande representasjon. Val av ny leiar og nestleiar blir gjennomført etter to års funksjonstid, i tråd med gjeldande retningslinjer.

4. Oppsummering og evaluering av adventhelg med jolegateopning og peparkakebygd

Det vart gjennomført adventhelg med jolegateopning og peparkakebygd etter same mal som tidlegare. Det var god oppslutning om jolegateopning og barnekino fredag ettermiddag. 21 bidrag vart levert inn til Pepparkakebygda.

På bygdekvinnelaget si jolemesse laurdag var det færre besøkande mindre handel.

Det er vanskeleg å seie noko om årsaka til dette, men det vil bli vanskelegare å få med utstillarar/produsentar om ikkje handelen tar seg opp neste år.

Trygg Trafikk deltok med aktivitetar for born på Allmenningen, og hadde ein del deltakarar her.

Kyrkja hadde ikkje noko på søndagen då dei måtte flytte lysmesse til ei anna helg grunna vikarprest.

Innspel:

- Vi må endre på heile arrangementet, det blir for kjedeleg for familiar fredag ettermiddag og for liten aktivitet laurdag
- Bør ha meir borneaktivitet fredag ettermiddag, involvering barnehage og småskule
- Kino er populært og bør halde fram
- Må få alle aktørar, som kyrkja, turlaget, Lyden av Ulvik, m.fl til å legge sine arrangement til denne helga. Lettare å trekke folk når det skjer meir.
- Bålpanne, hest og vogn, nisse, fakkeltog, smultringvogn, landbruk med sine produkt, torg, med meir.
- Viktig å få til skikkeleg lyd slik at alle får med seg det som skjer

Rådet vil gå ut tidleg med planlegging og kontakte dei aktuelle samarbeidspartnarane for å drøfte korleis ein kan løfte arrangementet.

5. Gjennomgang av aktivitetskalender 2023

Aktivitetskalenderen er eit dynamisk dokument som blir oppdatert gjennom året når det kjem til ny aktivitet. På heradet sine heimesider er det ei eigen «Kva skjer?» - lenke. Der kjem ein til Friskus, [https://ulvik.friskus.com/events?filters=global_filters_municipalities\(EQ\)1b83205a-d1bf-4072-a1ba-49996003b212\\$\\$true](https://ulvik.friskus.com/events?filters=global_filters_municipalities(EQ)1b83205a-d1bf-4072-a1ba-49996003b212$$true) som alle kan bli arrangør og publisere på, og til [visitulvik.no](mailto:visitulvik@ulvik.kommune.no). Her sender ein info til visitulvik@ulvik.kommune.no, som vil publisere det som er interessant for tilreisande til bygda.

Alle som har arrangement sender informasjon til Mona, som legg det til i aktivitetskalender.

6. Søknad om Cittaslow-sertifisering

Hotel Finse 1222, restauranten har sendt søknad om Cittaslow-sertifisering. Sekretær innstilte på at søknaden skulle bli godkjent, med vurdering og grunngjeving som vart lagt fram i møtet.

Vedtak: Hotel Finse 1222, restauranten blir godkjent som Cittaslow-bedrift.

7. Nytt frå heradet

Nærings- og reiselivssjef informerte om følgjande:

- Etter å ha jobba med Benchmark Genetics Norway AS sidan juni 2021, kunne heradsstyret godkjenne intensjonsavtale på kjøp av næringsseigedom i Osa og mogleg etablering av ein ny fabrikk for stamfisk og smolt. Dersom denne blir realisert vil det bety investeringar for meir enn 500 mill kr, og om lag 25 arbeidsplassar. Men det er mykje arbeid som står att før ein kan starte bygging. Kanskje innan 6 – 8 år.
- Reguleringsplanen for Bruravik vert lagt ut på høyring 15. mars, og kan vedtakast før sommaren om de ikkje kjem vesentlege innsigelsar i høyringa.
- Reguleringsplanarbeidet for Holmen og for Brakanes sentrum vert formelt starta 15. mars i formannskapet, og det er viktig at alle som har innspel følgjer med på planarbeidet.
- Reiselivsselskapet Book Hardanger har tilsett direktør. Alexander Hillerich kjem frå Norways Best i Flåm og tar til i stillinga 1. april
- Det tre-årige fellesprosjektet mellom Ulvik og Eidfjord om omstilling i reiselivet er i slutfasen for tilsetting av prosjektleiar, og vil ha ein avtale på plass denne veka.
- Testprodukta med rundturar over Espelandsdalen, til Osafjellet og til Oksen laurdagar, vil halde fram i sommar. Vil gå i skuleferien, og bli marknadsført betre enn i fjor.

- I samband med prosjekt for folkehelse og samfunnsutvikling vil det bli tilbod om familiebadning på søndagar fram til påske. Tilbodet kjem i gang seinast 25. februar.

8. **Open post**

- Håkon informerte om at dei store rehabiliteringsprosjekta er godt i gang på Hjeltnes, og det blir veldig bra. Det har ikkje vore gjennomført tilsvarande oppgradering sidan bygget var nytt.
- Det vart etterlyst kva som skjer med drifta av Den Grøne Kafè og andre serverings-/utestader i bygda. I juleferien var det mange ungdommar og andre som var i bygda utan at ein einaste stad hadde ope der ein kunne møtast. Dette er uheldig for bygda og bulyst.
- Ulvik barnehage ønskjer å bli Cittaslow-sertifisert, og dei ønskjer å få opp eit av dei informasjonsskiltene som er hengt opp i ulike stader i sentrum.

Neste møte blir 28. mars kl 19.

Referent:

Mona H Hellesnes
Sekretær Cittaslowrådet